FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

Løyve til mottak, mellomlagring og knusing av returasfalt og returbetong for Volda Maskin AS i Ørsta kommune

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13.3.1981 om vern mot forurensninger og om avfall (ureiningslova) § 11. Det er sett vilkår etter ureiningslova § 29.

Løyvet gjeld frå dags dato.

Dersom bedrifta ønskjer endringar i drifta som kan ha betydning for miljøet, må dette avklarast skriftleg med Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Data om bedrifta:

Bedrift	**Volda Maskin AS**		
Stad/gateadresse	Gråssmyra i Ørsta kommune		
Postadresse	Hamnegata 3, 6100 Volda		
Kommune	Anlegget ligg i Ørsta kommune		
Organisasjonsnummer (bedrift)	972178551		
Euref 89, UTM sone 32	nord: 6897628 øst: 353648		
Gards- og bruksnummer	G.nr. 33 b.nr 60 og g.nr. 33 b.nr. 12		
NACE-kode og bransje	43.120 Grunnarbeid		
NOSE-kode	109 Behandling og disponering av avfall		
Saksnummer	Anleggsnummer	Løyvenummer	Risikoklasse[1]
2011/6	1520.0092.01	2013.361.T	4

Løyve gitt: 25.11.2013	Endringsnummer: 2	Sist endra: 21.08.20
Christian Dahl fagleder		Lisa Thorstensen konsulent

[1] Jf. forureiningsforskrifta kapittel 39 om «gebyr til statskassen for forurensningsmyndighetens arbeid med tillatelser og kontroll etter forurensningsloven»

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Skildring
1	**02.07.18**	Tittel	Returbetong er tatt inn i tillegg til returasfalt. Det er også namnet på kommunen der anlegget ligg.
		1	Endra til også å omfatte returbetong. Elles oppdatert etter gjeldande mal.
		1.1	Krav som gjeld betong og krav om at informasjon om opphav skal loggførast, er tatt inn.
		2	Setning som gjeld betong er tatt inn.
		4	Krav til støv er tatt inn som eige avsnitt
		5	Krav til støy er tatt inn som eige avsnitt
		6	Krav til knusing er tatt inn som eige avsnitt
2	**21.8.2020**	1	Økt mengde frå 2200 tonn returasfalt til 4000 tonn årleg.

1 Rammer for løyvet

Løyvet gjeld mottak, mellomlagring og knusing av returasfalt og returbetong. Løyvet omfattar eit årleg mottak på inntil:

- **4 000 tonn returasfalt**
- **2 000 tonn returbetong**

Returasfalten og returbetongen kan lagrast i **inntil 1 år**.

Løyet omfattar berre rein asfalt og betong. Forureina asfalt og forureina betong skal avvisast frå anlegget. Unntaket er armeringsjern i betong. Det er ikkje tillate å ta imot og mellomlagre andre avfallstypar enn dei som er nemnde over.

Verksemda skal vere knytt til Kontrollordningen For Asfaltgjenvinning.

1.1 Krav til mottaket

Det skal vere ein driftsplan med driftsinstruks for anlegget.

All returasfalt og returbetong som blir tatt imot, skal kontrollerast og loggførast med informasjon om opphav.

For å sikre at det i vidare produksjon berre blir nytta riene asfaltprodukt som er fri for tjæreprodukt, skal det angjevast kvar returasfalten kjem frå. Mellomlagring av tjærehaldig asfalt på området er ikkje tillate. Dersom det oppstår mistanke om at mottatt asfalt likevel kan innehalde tjære, skal asfalten oppbevarast separat på fast dekke under tak inntil prøvetaking er gjennomført og vidare disponering er avklart. Asfalt som er eldre en 1970 og inneheld penetrert pukk, impregnert grus eller anna overflatebehandling, skal testast for innhald av tjære.

Det må kontrollerast at betongen som blir mottatt, er rein. Det vil seie at den ikkje skal innehalde maling eller fugemasse, og at betong og eventuell murpuss ikkje skal innehalde forureiningar. Dokumentasjon frå avfallsprodusenten på at betongen ikkje inneheld forureiningar, må ligge føre før massane blir sleppte inn på anlegget. Betong med plastarmering kan ikkje takast imot. Eventuell metallarmering skal fjernast før vidarelevering.

1.2 Kunnskap om avfall

Bedrifta skal ha tilstrekkeleg kunnskap om avfallet til å kunne behandle og lagre avfall som er tatt imot, slik at det ikkje fører til skader på miljøet.

1.3 Informasjon til kundar

Bedrifta skal gi kundane forsvarleg informasjon med omsyn til kva for typar avfall som kan leverast til anlegget.

2 Avfall

Bedrifta skal i størst mogleg grad minimere danninga av avfall som følge av si verksemd.

Ureiningsmyndigheitene anbefaler generelt at brukt asfalt blir gjenbrukt i asfaltproduksjon. Returasfalt kan også nyttast som erstatning for rein asfalt som underlag for ny asfalt. Betongavfall må disponerast i tråd med Miljødirektoratet sitt faktaark M-14/2013 inntil ei sentral forskrift blir vedtatt.

3 Internkontroll

Bedrifta pliktar å ha eit internkontrollsystem som er oppdatert til ei kvar tid.

4 Støv

For å unngå støvproblem i nærmiljøet, skal vegar og plassar gjerast reine regelmessig, eller andre støvreduserande tiltak skal settast i verk.

5 Støy

Bedrifta sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overskride følgjande grenser, målt eller berekna som frittfeltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Kvardagar	Laurdagar	Søn- og heilagdagar	Kveld (kl. 19-23), kvardagar	Natt (kl. 23-07), alle døgn	Natt (kl. 23-07), alle døgn
55 L_{den}	50 L_{den}	45 L_{den}	50 $L_{evening}$	45 L_{night}	60 L_{AFmax}

L_{den} er A-vegd ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.
$L_{evening}$ er A-vegd ekvivalent støynivå for kveldsperioden 23-07.
L_{night} er A-vegd ekvivalent støynivå for nattperioden 23-07.
L_{AFmax} er A-vegd maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden, målt/berekna med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Alle støygrenser skal overhaldast for alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå bedrifta si ordinære verksemd, inkludert intern transport på bedriftsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

6 Knusing

Knusing av returasfalt og/eller returbetong blir rekna som behandling av avfall. Knusing skal skje slik at vilkåra i kapittel 30 i *forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) blir haldne.

7 Rapporteringar

7.1 Risikoklasse

Verksemda er plassert i risikoklasse 4.

Bedrifta skal rapportere sum av returmengder asfalt inn og ut av anlegget i tillegg til omfang og handtering av innslag av ulovlege fraksjonar i avfallet. Denne årsrapporten skal sendast til fylkesmannen innan 1. mars det påfølgande året. Skjema for rapporteringa finst på www.fylkesmannen.no under Møre og Romsdal, fram til det blir gjort tilgjengeleg i AltInn.

7.2 Journalføring

Det skal førast **dagleg oversikt (loggbok)** over kva for mengder som blir tatt imot og passerer anlegget. Registrering av avfallet skal skje **på vekt**. Av loggboka skal det gå fram mengder og leveringsstader/bruksføremål.

8 Forsikring

Bedrifta skal sørge for å ha tilstrekkeleg forsikring for det erstatningsansvaret den måtte pådra seg i si avfallsverksemd. Forsikringa må blant anna omfatte skade på person(ar) og utstyr i tillegg til utgifter til opprydding, sanering og godkjent disponering. Forsikringa skal også dekke kostnader for utgifter knytt til eit mogeleg opphøyr av eige føretak.

9 Nedlegging

Dersom eit anlegg blir nedlagd eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke ureiningar. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til ureiningar etter nedlegginga eller driftsstansen, skal det i rimeleg tid på førehand gjevast melding til fylkesmannen.

Ved nedlegging eller stans skal mottaket sørge for at lagra returasfalt blir tatt hand om på ein forsvarleg måte (jf. avfallsforskrifta). Dei tiltaka som blir treft i denne samanhengen, skal rapporterast til fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal innehalde dokumentasjon på disponering av restar av avfall og namn på dei verksemdene som har tatt over avfallet.

Dersom ein ønskjer å ta opp igjen verksemda, skal det sendast melding til fylkesmannen i god tid før planlagt oppstart.

10 Inspeksjonar

Bedrifta pliktar å la representantar for ureiningsmyndigheita, eller dei desse gir mynde, inspisere anlegga til ei kvar tid.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vår dato: 21.08.2020
Vår ref: 2011/6

Deres dato: 10.03.2020
Deres ref:

VOLDA MASKIN AS
Furene 42
6105 VOLDA

Saksbehandler, innvalgstelefon
Lisa Thorstensen, 71 25 84 56

Vedtak om utvidelse av tillatt mengde - mottak av returasfalt - Volda Maskin AS

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har behandla søknaden frå Volda Maskin AS av 10.03.20 om endring av løyve til mottak og mellomlagring av returasfalt i Ørsta. Verksemda ønskjer å utvide løyvet frå 2000 tonn returasfalt til 4000 tonn returasfalt årleg. Fylkesmannen har endra løyvet slik det var søkt om.

Det er vedtatt eit gebyr for saksbehandlinga, verksemda plassert under gebyrsats 7, jf. forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39. Verksemda skal etter dette betale eit gebyr på kr 16 600 for saksbehandlinga.

Vi viser til søknad om endring av løyve etter forureiningslova frå Volda Maskin AS av 10.03.20. Verksemda søkte om å utvide mottak av returasfalt frå 2000 tonn til 4000 tonn som har vore omfatta av løyvet verksemda fekk av Fylkesmannen 25.11.13 og endra til 2200 tonn resturasfalt og 2000 tonn returbetong 02.07.2018. Det aktuelle anlegget ligg i Gråssmyra i Ørsta kommune.

Vedtak
Fylkesmannen i Møre og Romsdal endrar desse vilkåra i løyvet av 25.11.13 og 02.07.18 (løyvenummer 2013.361.T):

- Mengde returasfalt er endra frå 2200 tonn til 4000 tonn pr år, og det er tatt inn ein endringslogg på side 2.

Det endra løyvet vedlagt.

Endra løyvet er gitt i medhald av *lov om vern mot forurensninger og om avfall* (forureiningslova) § 11 jf § 16 og § 29.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ved avgjerda lagt vekt på dei fordelane endringane vil føre til jamført med moglege ulemper for miljøet.

E-postadresse: fmmrpost@fylkesmannen.no
Sikker melding: www.fylkesmannen.no/melding
Postadresse: Postboks 2520, 6404 Molde
Besøksadresse: Julsundvegen 9
Telefon: 71 25 84 00
www.fylkesmannen.no/mr
Org.nr. 974 764 067

Dette løyvet kan seinare endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringar skal vere basert på skriftleg saksbehandling og en forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må derfor ligge føre i god tid før ei endring er ønskt gjennomført.

Saksgang
Mottaket ligg i eit eksisterande grustak og vil ha liten påverknad på miljøet. Søknaden er sendt på høyring til naboar og Ørsta kommune. Det har ikkje verte motteke nokken fråsegn.

Vurdering
Ein kan vente svært små utslepp frå lagring og handtering av returasfalten til resipienten Follestaddalselva. Kartverktøyet Vann-Nett blir nytta i forvaltning av vatn. Opplysningar frå Vann-Nett viser at den økologiske tilstanden i Follestaddalselva er klassifisert som svært dårleg på grunn av laksebestanden i elva. Det er lite sannsynleg at utslepp frå lagring og handtering av returasfalt i grustaket vil kunne ha negativ påverknad på laksebestanden.

Bedrifta si hovudverksemd er regulert av kapittel 30 i forureiningsforskrifta: «Forurensninger fra produksjon av pukk, grus, sand og singel». I forskrifta er det sett krav til bl.a. utslepp til vatn, støv og støy. Det er også krav til måling av utslepp. Fylkesmannen legg til grunn at desse krava i forskrifta blir haldne. Det er lite sannsynleg at tiltaket som gjeld returasfalt, i seg sjølv vil ha nokon effekt på naturmangfaldet i området.

Vi meiner at endringane i løyvet vil ha liten påverknad på miljøet, og søknaden har derfor ikkje vore til offentleg høyring, jf. *forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) § 36-9 andre ledd bokstav b. Dei berørte partane fekk varsel om søknaden tilsendt 22.06.20 med høve til å uttale seg innan 03.08.20. Det kom ingen uttaler innan fristen. Ørsta kommune visar til tidlegare uttale der dei ber om omsyn til Ørstavassdraget som eit nasjonal laksevassdrag.

Konklusjon
Fylkesmannen endrar løyvet slik at mengde returasfalt aukast frå 2200 tonn per år til inntil 4000 tonn per år.

Vedtak om gebyr
Vi viser til varsel om gebyrsats av 22.06.20 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve mv. Som varsla blir verksemda plassert under gebyrsats 7, jf. forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39. Verksemda skal etter dette betale eit gebyr på kr 16 600 for saksbehandlinga. Ressursbruk knytt til saksbehandlinga er lagt til grunn ved fastsetting av gebyrsats. Dette gjeld mellom anna lesing og vurdering av søknaden, varsling av partar i saka samt endeleg utforming av løyve. Innsats frå andre fagpersonar hos Fylkesmannen inngår også. Samla ressursbruk er om lag 0,5 vekeverk.

Faktura med innbetalingsblankett blir sendt ut av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato.

Høve til å klage
Vedtaket om å endre løyvet og vedtaket om gebyrsats kan klagast inn til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå underretning om vedtak er kome fram eller frå vedkomande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal angi kva det blir klaga over, klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar av betydning for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Informasjon til allmenta om løyvet
Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil kunngjere vedtaket på sine nettsider www.fylkesmannen.no/mr.

Kopi av dette brevet med vedlegg er sendt til dei berørte partane.

Kopi:

Petter Davidsen	Myra 18	6156	ØRSTA
Anton Røed Kristiansen	Myra 20	6156	ØRSTA
Thea Emilie Røed Storevik	Myra 30	6156	ØRSTA
Frode Sundnes	Myra 32	6156	ØRSTA
Erna Kristiansen	Myra 28	6156	ØRSTA
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Svein Johannes Dalene	Myra 60	6156	ØRSTA
Asbjørn Røed	Myra 24	6156	ØRSTA
Fredrik Otterdal Vatne	Myra 30	6156	ØRSTA
Maria S Suarez Davidsen	Myra 18	6156	ØRSTA
Per Magne Bjørdal	Åmdalen 47	6156	ØRSTA

Med hilsen

Christian Dahl

Lisa Thorstensen
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent